



Prop. 27 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringer i statsbudsjettet for 2010 under Fiskeri- og kystdepartementet

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 19. november 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Om endringer i statsbudsjettet for 2010 under Fiskeri- og kystdepartementet

Kap. 4030 Fiskeridirektoratet

Post 13 Inntekter vederlag

Endring som følgje av tilleggsøyve til tildelingsrunden 2009

Våren 2009 vart det lyst ut 65 nye løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure, jf. St.prp. nr. 1 tillegg nr. 4 (2008–2009) og Budsjett-innst. S 1 (2008–2009). Det er i ettertid kome inn mange klager på tildelingsrunden. I Prop. 1 S Tillegg 3 (2010–2011) frå Fiskeri- og kystdepartementet foreslår regjeringa å tildele fire nye løyve slik at løyve som er trekt tilbake under klagehandsaminga likevel kan behaldast. Vederlaget for kvart løyve, på 8 mill. kroner, blir vidareført. Som følgje av dette vil kap. 4030 post 13 Inntekter vederlag auke med 32 mill. kroner i 2010.

Bortfall av inntekter knytt til auke i maksimalt tillaten biomasse i 2010

I Prop. 1 S (2009–2010) for Fiskeri- og kystdepartementet vart det lagt til grunn inntekter på kap.

4030 post 13 Inntekter vederlag på 360 mill. kroner knytt til vederlag for å auke maksimalt tillaten biomasse (MTB) på løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure med fem prosent i 2010. Etter at forslaget vart sendt på høyring melde Mattilsynet om ei forverring i lakselussituasjonen langs delar av kysten, og aukande førekomst av nedsett følsemd mot lakselushandsamingsmidla. Med bakgrunn i dette vart det i desember 2009 avgjort at kapasitetsauken i oppdrettsnæringa skulle utsetjast inntil ein fekk betre oversikt over utviklinga i lakselussituasjonen.

På bakgrunn av Mattilsynet si vurdering av situasjonen har regjeringa i Prop. 1 S Tillegg 2 (2010–2011) for Fiskeri- og kystdepartementet fremja forslag om at den tidlegare kapasitetsauken på fem prosent blir gjennomført på eksisterande løyve i Finnmark og Troms tidleg i 2011, men ikkje i resten av landet. Dei samla inntektene frå kapasitetsauken i Finnmark og Troms er vurdert til 60 mill. kroner. Vederlaga er venta innbetalt i 2011. Som følgje av dette blir det ikkje inntekter i 2010 knytt til vederlag for auke i maksimalt tillaten biomasse.

Samla sett foreslår regjeringa å redusere kap. 4030 post 13 Inntekter vederlag frå 360 mill. kroner til 32 mill. kroner i 2010.

Kap. 1062 Kystverket

Post 01 Driftsutgifter

Ompostering av midlar til investering i oljevernutstyr frå post 01 til post 45

Som ledd i oppfølginga av Kystverket sin rapport om utskifting av oljevernutstyr har Kystverket i budsjettet for 2010 lagt opp til ei samla investering i oljevernutstyr på 105,9 mill. kroner. I saldert budsjett 2010 er løyvinga til oljevernutstyr løyvd over post 01. Oljevernmateriellet som blir kjøpt inn blir postert som ei investering i Kystverket sin rekneskap, som følgjer statlege rekneskapsstandardar (SRS) og vil derfor i kontantrekneskapan bli postert på kap. 1062 post 45. Sjølv om løyvinga på kap. 1062 post 45 har stikkord "kan nyttast under post 01", er det betre å fremje forslag om å auke post 45 med 105,9 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon under post 01.

Med bakgrunn i dette foreslår regjeringa at kap. 1062 post 01 blir redusert med 105,9 mill. kroner mot tilsvarende auke av kap. 1062 post 45.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald

Det blir vist til omtale under kap. 1062 post 01. Det blir fremja forslag om å auke kap. 1062 post 45 med 105,9 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 1062 post 01.

Post 73 Tilbakebetaling av avgift

Tilbakebetaling av årsavgift hamnesikkerheit

Forskrift om gebyr for kontroll og tilsyn med sikring av havner og havneterminaler mot terrorhandlinger mv. (FOR-2007-07-03-841) tredde i kraft 3. juli 2007. Gebyret vart i statsbudsjettet 2007 definert som ei sektoravgift under Fiskeri- og kystdepartementet, og utforma som ei årsavgift. I november same år kravde Kystverket inn dei første årsavgiftene.

Sidan forskrifta tredde i kraft har Kystverket motteke fleire søknader frå hamner og havneterminalar om dispensasjon frå avgjerda om å betale årsavgift. Dette grunna storleiken på terminalane, få anløp og liten trafikk. Alle søkjarane har fått avslag og få har klaga på dette. Subsidiært er det i ei klagesak peikt på at det berre er rettsleg grunnlag for å krevje inn halv årsavgift for 2007, jf. at avgifta vart kunngjort i juli 2007 og at krav om årsavgift ikkje kan ha tilbakeverkande kraft, jf. Grunnlovens § 97 og forvaltningslovens § 39. Klagar er gitt medhald i sitt subsidiære krav om at det berre er rettsleg grunnlag for å krevje inn delar av årsavgifta, det vil seie for tidsrommet 6. juli 2007 til 31. de-

sember same år. Alle terminalar som betalte heil årsavgift i 2007 vil såleis få refundert 50 pst. av beløpet inklusiv renter. For 2007 fakturerte og inntektsførde Kystverket årsavgift hamnesikkerheit for 13,7 mill. kroner, det vil seie 548 fakturaer á kr 25 000.

Med bakgrunn i dette foreslår regjeringa å auke kap. 1062 post 73 med 7,38 mill. kroner i 2010 knytt til tilbakebetaling av halv årsavgift for 2007 med renter.

Kap. 5575 Sektoravgifter under Fiskeri- og kystdepartementet

Post 74 Sektoravgifter Kystverket

Som følgje av lønnskompensasjon på kap. 1062 post 01 på gebyrfinansierte område må kap. 5575 post 74 auke med 11,09 mill. kroner.

Med bakgrunn i dette foreslår regjeringa å auke kap. 5575 post 74 med 11,09 mill. kroner i 2010.

2 Orienteringssaker til Stortinget

Eventuell etablering av referansestasjon for Galileo på Jan Mayen

I Prop. 1 S (2010–2011) for Fiskeri- og kystdepartementet vart det orientert om at ein førespurnad frå EU-kommisjonen om å etablere ein referansestasjon på Jan Mayen for det kommande sivile europeiske satellitnavigasjonssystemet Galileo var til vurdering.

Stortinget slutta seg i 2009 til deltaking i utbyggingsfasen av Galileo gjennom avtale med EU innanfor ramma av EØS-avtalen, jf. St.prp. nr. 54 og Innst. S. nr. 258 (2008–2009). Galileo-systemet må ha referansestasjonar geografisk fordelt over heile verda. Noreg har etablert seg som ein viktig aktør for å betre Galileos ytingar, særleg i nordområda og ved polane, gjennom referansestasjonane på Svalbard og på Troll-basen i Antarktis.

EUs Galileo-prosjekt vurderer det slik at det er behov for å etablere ytterlegare ein referansestasjon i Nord-Europa, og vurderer ulike lokaliseringar, medregna på Jan Mayen. Til forskjell frå alternative lokalitetar med etablert infrastruktur og bygg, er det behov for å etablere noko grunnleggjande infrastruktur på Jan Mayen, mellom anna ei tilpassing av straumforsyninga. Norsk Romsenter har opplyst at etablering av grunnleggjande infrastruktur og dei høge transportkostnadene til

øya, kan innebere ein meirkostnad på nærare 8 mill. kroner.

Regjeringa meiner at viktige omsyn tilseier at Noreg legg til rette for etablering av ein referansestasjon på Jan Mayen. Denne lokaliseringa bidreg best til å betre Galileo sine ytingar i våre interesseområde. Med våre store havområde i nordvest, er denne lokaliseringa derfor særleg nyttig for Noreg. Ei etablering på Jan Mayen vil også medverke til ytterlegare å styrkje Noreg si rolle og moglegheit til å påverke den vidare utviklinga av Galileo. Stasjonen vil krevje eit avgrensa areal, bli etablert i nærleiken av ein eksisterande bygning og kunne gjere bruk av eksisterande veg og straumkabel frå hovudbasen.

Regjeringa si vurdering er derfor at Noreg bør leggje til rette for ein Galileo referansestasjon på Jan Mayen gjennom å dekkje delar av den grunn-

leggjande infrastrukturen, avgrensa til 3 mill. kroner. EU-kommisjonen er informert om at Noreg har intensjon om å bidra med ei slik tilrettelegging, under føresetnad av Stortinget sitt samtykke.

Etter planen vil EUs Galileo-prosjekt ta avgjerda om lokalisering i januar 2011. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget om saka på eigna måte.

Fiskeri- og kystdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2010 under Fiskeri- og kystdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endring av Prop. 1 S om statsbudsjettet for 2010 for Fiskeri- og kystdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2010 under Fiskeri- og kystdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2010 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap	Post	Formål	Kroner
1062		Kystverket	
	1	Driftsutgifter, blir redusert frå kroner 1 382 800 000 til kroner 1 276 900 000	105 900 000
	45	Større utstyranskaffingar og vedlikehold, blir auka frå kroner 118 680 000 til kroner 224 580 000	105 900 000
	73 (ny)	Tilbakebetaling av avgift, blir løyvd med	7 375 000

Inntekter:

Kap	Post	Formål	Kroner
4030		Fiskeridirektoratet	
	13	Inntekter vederlag, blir redusert frå kroner 360 000 000 til kroner 32 000 000	328 000 000
5575		Sektoravgifter under Fiskeri- og kystdepartementet	
	74	Sektoravgifter Kystverket, blir auka frå kroner 648 775 000 til kroner 659 865 000	11 090 000